

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Fellesmøte med råda for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane: Det er foreslått møtedato den 21. april, med møtestad i Skei eller Førde. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtekt å delta på møtet og ønskjer å spele inn universell utforming i samband med ferjeanbod og utforming av kaianlegg. Rådet vil anbefale at Ranja Blomvåg Sjøstrøm frå Statens Vegvesen vert brukt som innleiar på kaianlegg. Deltaking vert primært frå dei faste medlemane i rådet.

Arbeidsutvalet: Leiar i rådet har meldt ein trong for å søkje permisjon frå vervet sitt i ei tid. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek derfor at Jostein Ljones, som politisk representant, steppar inn for leiar Ellinor Kreybu i arbeidsutvalet den tida ho er i permisjon.

Neste rådsmøte: Da leiar og nestleiar i rådet ikkje har moglegheit til å delta på rådsmøtet 25. mars vedtok rådet for menneske med nedsett funksjonsevne å utsette rådsmøtet. Det vert foreslått endra til 8. april. Dialog angående dette vert heldt mellom arbeidsutvalet og administrasjonen.

Studietur: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vurderer ein studietur i veke 18. Det er foreslått ein tur over to dagar der Handikappedes hus i Danmark er eit aktuelt reisemål. Elles ser rådet at det kan vere aktuelt med synfaringar på samferdsel og kaier/ferjer. Dette vert ein sak på neste rådsmøte.